



Alvermarka Velforening

Referanser:

Dykkar: Hans Kenneth Sundsbø  
Vår: 17/154 - 17/29229

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

09.10.2017

## Svar - Oppfølging av innmeldt trafikksikrings sak gjeldande for bustadfeltet Alvermarka

For å svare på det enkle først; fartshumpane som vart fjerna i samband med reasfaltering i Alvermarka er planlagt lagt tilbake i løpet av hausten 2017. Med atterhald om upårekna hendingar reknar me med at dei kjem på plass i løpet av oktober månad .

Når det gjeld etablering av nye fartsdemparar får vegavdelinga i Lindås kommune stadig spørsmål om etablering av fartsdempande tiltak på dei kommunale vegane. Me nyttar difor det regelverket som er tilgjengelig på dette området, i dette tilfellet Statens vegvesen si handbok V128. I den står det at det er behov for fartsdemping når 15 prosent av køyretøya held ein fart som er 5km/t høgare enn fartsgrensa på strekninga. Målemetoden ein nyttar vert kalla 85%-fraktil og vart forklart i førre svar.

Me har hadde ei måling i Rishaugane i sommar, 5. - 10. juli. Det var svært få bilar med i denne teljinga, ÅDT 34. Skal me ta utgangspunkt i denne, er det ikkje behov for tiltak då 85%-fraktilen ligg på 31 km/t. Me ynskjer å utføre ei ny måling no i haust for å sjå om det vert stor skilnad.

Når det gjeld etablering av fartshump utanfor Alvermarka 6, kjem vi tilbake til dette i eige skriv.

Når det gjeld veglys vert alle søknader avslått med bakgrunn i tidlegare politiske vedtak i Lindås kommune. Det er fleire velforeningar og nabolag som har gått saman å betalt for eigne veglys og som betalar driftskostnadane i eit spleiselag.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**



**Vedlegg:**

Svar - Trafikksikringstiltak - behov for to fartsdumpar i Rishaugane, Alvermarka  
Trafikksikringstiltak - behov for to fartsdumpar i Rishaugane, Alvermarka

**Kopi til:**

Astrid Aarhus Byrknes

**Mottakarar:**

Alvermarka Velforening